

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø
Att: Eining for eigedom

02.05.2017

Ikenberget Vel
Brørakastet 45
5911 Alversund

Tilgang til naturleikeplassen på Ikenberget

Naturleikeplassen på Ikenberget er eit viktig grøntareal for feltet og ein flott leikeplass for borna. Den har også ein nyrestaurert gapahuk som er mykje brukt av bla. barnehagen.

Ikenberget Vel har fått fleire innspel frå feltet inkludert Trollskogen barnehage om at naturleikeplassen har blitt vanskelegare tilgjengeleg etter start på utbygging av Ikenberget 11 for fem år sidan.

I reguleringsplanen har Naturleikeplassen ein naturleg inngang gjennom eit 3-4 meter breitt friområde mellom Ikenberget 11 og 13.

Denne inngangen har blitt privatisert siste fire år mens bygginga har pågått i Ikenberget 11. Her har det ofte lagt byggemateriale og avfall på sjølve friområdet, slik at borna har måtte krype over. Velet har også fått tilbakemeldingar på at det ofte står bilar parkert på friområdet, noko som ikkje bør skje.

Dette gjer at familiar med born eller born aleine veljar på snu då inngangen til friområdet ser ut som privat inngangsparti til Ikenberget 11. Derfor bør det opp eit tydeleg skilje mellom kva som er privat inngang til huset og kva som er innbyggarane sin naturlege veg opp til naturleikeplassen. Dette er også tydelig skissert i fasadeteikningane datert 15.05.2009 som ligg til grunn for byggjesøknaden.

I tillegg til dette har det blitt sprengt ut fjell heilt inn til kanten av inngangen til friområdet. På denne skrenten burde eigar sett opp eit gjerde slik det er gjort mot Ikenberget 13 og 15. I staden fekk velet nylege tilbakemeldingar på at det er planta Rhododendron inne på friområdet på toppen av skrenten. Dette gjer det endå meir uoversiktleg for borna som skal ut/inn av friområdet og risiko for ei ulykke aukar.

Vi ser også at skiltet merka « gapahuk» er fjerna frå denne inngangen, men her kan velet ta eit eige initiativ for å få opp nye skilt for alle tre inngangane til naturleikeplassen.

Vi håpar kommunen kan snakke med eigar om ovannemnde forhold slik at vi sikrar god og trygg almenntilgang til det viktigaste grøntarealet i Ikenberget. Ikenberget Vel har sjølv snakka med eigar fleire gonger om ovannemnde forhold sist gong november 2016.

Med venleg helsing for Ikenberget Vel
-Styret-